

VIKE OG VÅGSTRANDA

PENSJONISTLAG

OPPSUMMERING FRÅ MØTE 20.03.2024 – 7 BORD MED CA 40 DELTAKARAR

Alle deltakarane var fordelt på bord med seks personar. For kvart spørsmål skulle dei først reflektere sjølv, så presentere for dei andre i gruppa, før gruppa skulle bli einige om å prioritere to til tre av svara.

SAMANDRAG

Vestnes har ei sentral geografisk plassering med kort veg til flyplassar, togstasjonar og omliggande byar. Dette blei framheva som ein av kommunen sine fremste styrkar. Fleire grupper peika også på det livlege kulturlivet og den vakre naturen med mange moglegheiter for friluftsliv. Tresfjordbrua blei nemnt som eit sentralt bidrag til betre kommunikasjon i regionen. Gode kommunale tenester og stabil sysselsetting blei også sett på som viktige fordelar for kommunen.

Blant visjonane og planane for framtida er det ønske om utbetring av det kommunale vegnettet og bygging av bufellesskap for eldre. Allsidig næringsliv med attraktive arbeidsplassar i alle bygdene og auka fødselstal er også sentrale mål. Fleire skular, fleire institusjonsplassar og hjelp til dei som treng det blei vektlagt av fleire.

For å oppnå desse måla treng vi fleire hender og kompetanse innan helse og omsorg. Vi må ta vare på og organisere frivilligheita på nye måtar, spesielt på sjukeheimane. Å skape arbeidsplassar i bygdene for å oppretthalde busetting og grunnlag for skular, barnehagar og butikkar blei òg nemnt som viktig. Riktig prioritering av økonomiske ressursar og god planlegging er avgjerande for å nå måla.

Dårleg kommuneøkonomi blei identifisert som ein stor utfordring som kan hindre gjennomføringa av visjonane. Vidare blei dårlege prioriteringar og mangel på kunnskap trekt fram som moglege hinder. Store økonomiske ulikskapar blant innbyggjarane og mangel på menneskelege ressursar blei òg sett på som potensielle problemområde.

På neste side kan du sjå ein oversikt over alle innspela:

Dei prioriterte svara er merka med stjerne og dei som har blitt nemnt flest gonger er utheva i fet skrift.

STYRKER/KVA ER BRA I VESTNES?

- ❖ **Sentral plassering geografisk**– kort veg til flyplassar, tog og byane rundt (nemnt av fleire i alle gruppene – prioritert i alle gruppene)
- ❖ **Rikt kulturliv** (nemnt av fleire i alle gruppene – prioritert av fem grupper)
- ❖ **Fin natur og gode turmoglegheiter** (nemnt av fleire i alle gruppene – prioritert i fire grupper)
- ❖ Stor ny sjukeheim (nemnt av to personar - prioritert av to grupper)
- ❖ Tresfjordbrua – ga oss kort veg til sentrum (nemnt av alle gruppene, prioritert av to gruppe)
- ❖ God kommunikasjon til Molde og Ålesund
- ❖ Samla kommunale tenester
- ❖ Jamn sysselsetting
- Gratis parkering
- Bra butikkar
- Godt utbygd sentrum – du får alt du treng
- Bygdene er synlege
- Vi har både grunnskular og vidaregåande skule
- Gode skiløyper
- Bra for HVPU-pasientar
- Aktive idrettslag
- Klima

KOR VIL VI? KVA MÅL/VISJONAR/PLANAR HAR VI REALISERT INNAN 2036?

- ❖ **Betre kommunale vegar** – (Nemnd av fire personar – prioritert av fire grupper)
- ❖ **Bufellesskap/varierte butilbod for eldre** – utbygging av leilegheiter med moglegheit for tilsyn, hjelp og fellesareal inne og ute der folk kan møtast – (nemnd av fleire i alle gruppene – prioritert av tre grupper)
- ❖ **Allsidig næringsliv** med attraktive og varierte arbeidsplassar i alle bygdene, også for dei med høgare utdanning. – (nemnd av alle gruppene – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Auke i fødselstala (Nemnd av to personar, prioritert av to grupper)
- ❖ Nok hjelp til dei som treng det (nemnt av to personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Gode skular (nemnd av to personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Fleire institusjonsplassar (Nemnd av to personar – prioritert av ei gruppe.)
- ❖ Stoppe flukta frå Vestnes – både folk og arbeidsplassar
- ❖ «Sterk og stødig» - kommunen bør innføre treningsopplegg for eldre
- ❖ Barnehagar 24t i døgnet og 7 dagar i veka.
- ❖ Redusert ressursbruk – auka gjenbruk av alt vi bruker
- Ny ungdomsskule (nemnd av to personar)
- Kraftig reduserte klimagassutsleppa
- Redusert forureininga av fjorden
- Vestnes er blitt ein berekraftig kommune når det gjeld miljø
- Vi må bli flinke til å ta vare på oss sjølve (kosthald, levesett og forbruk)
- Vi har tatt vare på frivilligheita

- Auka tilflytting
- Nytt kulturhus
- God kommuneøkonomi
- Aktivitet og arbeidsplassar i Glamox-bygget på Vågstranda
- Forvaltning av verna område – kven skal ha ansvaret, fylkeskommunen eller kommunen?
- Hindre at ungdommen flyttar ut
- Full sysselsetting
- Meir folk i bygdene
- Betre kvalitet på utdanning
- Holde på ungdommen
- Betre bussforbindelse til sentrum
- Fleire unge innbyggjarar
- God eldrepolitikk
- God eldreomsorg
- God økonomi

KVA TRENG VI FOR Å NÅ DESSE MÅLA?

- ❖ **Nok hender og kompetanse** i helse og omsorg (nemnd av fem personar – prioritert av fire gruppe)
- ❖ **Ta vare på frivilligheita** - organisere frivilligheita til å hjelpe til på t.d. sjukeheim (nemnd av seks personar – prioritert av to grupper)
- ❖ **Nok arbeidsplassar** - også i bygdene for å oppretthalde busetting og grunnlag for skule, barnehage og butikk (Nemnt av tre personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Rett prioritering av pengane (Nemnd av to personar – prioritert av to grupper)
- ❖ God planlegging (nemnd av to – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Bygge bustader for ungdom så dei kan bli og arbeide i kommunen (nemnt av to personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Alle som har kontakt med eldre må forstå og snakke norsk
- ❖ Sørge for at bedrifter har hovudkontor i kommunen
- ❖ Gratis barnehageplassar
- ❖ Desentraliserte barnehagar (og småskule)
- ❖ God eldreomsorg
- ❖ Barnehage og skule
- ❖ Gode trygge vegar er viktig for alle, også for folkehelsa og for å sikre busetting
- ❖ Oversikt over lag og foreiningar i kommunen – også for nye innbyggjarar.
- Utnytte ressursane betre – gjenbruk (Nemnt av to personar)
- Få tilbake aldersheimane
- Politikarar som er oppteken av miljø og natur
- Lære å bruke det vi har i nærmiljøet
- Hindre fråflytting
- Ta vare på kunnskapen vi har frå tidlegare tider
- Følgje med i utviklinga med teknologi på arbeidsplassar slik at alle jobbar lettast mogleg.
- Dei rike må betale skatt
- Skule og barnehage

- Utvikle opplevingsturisme
- Ledige tomter
- Startkapital for gründerar
- «Nordveggen» som i Rauma – etableringsservice meir synleg i media
- God økonomi
- God infrastruktur – gode vegar
- Fulle stillingar innan helse og omsorg

KVA KAN HINDRE OSS I NÅ MÅLA?

- ❖ **Dårleg kommuneøkonomi** (nemnd av alle gruppene – prioritert av fem grupper)
- ❖ **Dårlege prioriteringar** (nemnd av to personar – prioritert av to grupper)
- ❖ **Mangel på kunnskap** –(Nemnt av tre personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Mangel på menneskelege ressursar (Nemnt av to personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Store økonomiske forskjellar blant folk (Nemnt av to – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Lite nytenking
- ❖ Mange eldre
- ❖ For få unge
- ❖ For liten kommune (slå oss saman med Rauma?)
- ❖ Einsidig fokus på utvikling av sentrum
- For få innbyggjarar
- Låge fødselstal
- Kommunen har ikkje utnytta plasseringa si til det fulle